

## ***Ei orientering til deg som har, eller vil få eit forhold til ein av gravplassane i Vang prestegjeld.***

### **Til deg som skal vera ansvarleg for gravferda.**

Etter gravferdslova av 1997 er det ein person som skal vera hovudansvarleg for gravferda, dvs. å bestemme det som har med sjølve gravferda og seremonien. Alt det praktiske når det gjeld sjølve grava (graving, tining og liknande) vert ordna frå kyrkjekontoret. Den som sørgjer for gravferda bør så langt som mogleg respektera den døde sine ynskjer. Kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdøde sitt ynskje.

### **Til deg som er festar og som skal velje ny grav.**

Festar har ansvar for grava, gravminnet og blomsterbedet.

Alle som bur, eller er oppvaksen i Vang kan få grav på ein av gravplassane i kommunen. Andre kan gravleggjast her etter nærare avtale med kyrkjekontoret.

Ei enkel kistegrav gir plass til ei kiste og er fri for betaling så lenge den er freda, dvs. dei første 20 åra. Når denne friperioden er over, må ein betale for å feste grava vidare, og det er festar som bestemmer dette. Ei eksisterande grav kan festast i 5-årsperioder i inntil 60 år etter siste gravlegging.

Det er mogleg å reservere ei grav ved sida av den grava som vert teken i bruk, men det skal gjerast i samband med ei gravferd. Ein må då betale festeavgift for den reserverte grava.

Ved kremasjon kan ein velje urnegrav. Den gir plass til fire urner, og er fri for betaling så lenge den er freda, dvs. i 20 år etter siste nedsetting.

### **Til deg som ynskjer å nytte ei eksisterande grav.**

Når det er ynskje om å bruke ei eksisterande grav, må den som sørgjer for gravferda fyrst og fremst få samtykke frå festaren av grava, dersom dette ikkje er same personen. Dessutan må det ha gått minst 20 år sidan siste gravlegging i grava.

### **Til deg som skal pynte grava.**

Når gravferdsseremonien er over og før de forlèt kyrkjegarden, er det viktig at dei pårørande legg til side dei blomane som skal bli liggjande oppå grava. Det som ligg på kista vert grave ned med kista, - det andre vert lagt oppå jordhaugen. Dersom pårørande ikkje har rydda bort eventuelle visne blomar frå grava innan 14 dagar etter gravferda, vil kyrkjegardsarbeidaren gjera det når det er nødvendig.

Når jorda på ei kistegrav har sokke tilstrekkeleg, vil kyrkjegardsarbeidaren sørgje for planering og såing. Dette kan ta ca eitt år, og kyrkjegardsarbeidaren vurderer dette. Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt. Sjå pkt. 5 i vedtektene. Lause pynteting skal takast bort av den som steller grava etter bruk og etterkvart som blomane visnar. Det er sett opp avfallsdunkar på kyrkjegardane, med informasjon om kva som kan kastast der. Vi ber om at alle er nøye med å følgje merkinga.

Plantefelt som ikkje vert planta til, vert sådd til med gras på alle sider av gravminnet.

På kyrkjekontoret er det høve til å gjera avtale om planting og stell av plantefeltet mot betaling. (Gravstellavtale)

### **Til deg som skal skaffe gravminne.**

Det vanlegaste er å ha eit gravminne på ei grav, men det er frivillig. Dersom ein ynskjer gravminne, skal det stå i bakkant av grava og kyrkjegardsarbeidaren må ha beskjed når steinen

skal setjast opp for å få plassert den rett. Er dette ei dobbeltgrav kan gravminnet setjast opp midt mellom gravene når den andre grava vert teken i bruk. Gravminne på ny grav kan ikkje setjast opp før grava er planert.

Ein bør ta seg god tid ved val av gravminne og kyrkjevevja skal godkjenne det før det vert sett opp. Dersom det står eit gravminne på grava frå før er det fint å bruke det. Dersom det ikkje er plass til fleire namn kan ein snu steinen og bruke den vidare med nye namn på den ubrukta sida. Det er etter kvart mange som vel denne løysinga. **Festaren er ansvarleg for at gravminne ikkje er i forfall, at det står beint og i rekkja, og at det står trygt og ikkje kan velte.**

Gravminnet skal vera todelt. Fundamentet skal vera sikra etter forskriftene og det skal vera stålboltar som bind saman fundament og gravminne. Natursteinar må ikkje ha ei slik form eller tyngde at den blir vanskeleg å flytta/ "få tak på". Alle gravminne skal ha ein sokkel med ein eller to boltar, alt etter kor høg gravsteinen er. Dette er for at gravsteinen skal stå støtt og ikkje velte. Gravminnet kan ha tekst, symbol og dekor. Alt skal vera sømeleg, og namn som vert sett på skal vera identisk med den som ligg i grava.

Gravminnet skal vera solid og tåle dei påkjenningar det vert utsett for ved vanleg drift og vedlikehald av kyrkjegarden. Lykter, duer og andre pynteting på gravminnet kan berre brukast når dei er like solide som sjølve gravminnet. Desse må ikkje stå i vegen ved grasklypping og liknande. Kyrkja har ikkje ansvar for gjenstandar som vert øydelagt når dei står slik til at kyrkjegardsarbeidar ikkje får gjort jobben sin.

Eit gravminne kan vega opp til 300 kg, ha breidde opp til 85 cm og høgda kan vera opp til 150 cm. Dei som sel gravsteinar, er oppdatert på dette regelverket.

#### **Til deg som vil vera til stades ved urnenedsetjing.**

Når ei urne vert sett ned, treng ikkje pårørande å vera til stades. Då vert urna sett ned av kyrkjegardsarbeidaren. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom pårørande vil vera til stades. Då vert det avtala tidspunkt for nedsetjing.

#### **Til deg som skal besøkje gravplassen.**

Alle er velkomne til å besøkje gravplassane i Vang. Opphald og ferdsel må skje på ein verdig måte slik gravplassen sin eigenart tilseier. Besøkjande skal så langt som mogeleg ferdast gåande, og hundar skal førast i band.

Har du spørsmål, så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, kyrkjegardsarbeidaren eller kyrkjevevjene.

#### **Aktuelle namn og telefonnummer:**

Kyrkjekontoret på Kommunehuset. Dagleg leiar er **Guro Hovda** Telefon **613 69590**.

Prestekontoret i Drengestøga: Telefon **953 08595**

#### **Kyrkjevevjer:**

Øye kyrkjegard:	<b>Ove Trøen</b>	<b>970 23369</b>
Vang kyrkjegard:	<b>Nils Bjarne Wangensteen</b>	<b>926 67124</b>
Heensåsen kyrkjegard:	<b>Håkon E. Berge</b>	<b>928 87797</b>
Høre kyrkjegard:	<b>Andris Kjøs</b>	<b>900 23658</b>